

## Referat frå styremøte i Stogo på Dyrskuplassen 15.03.2012

Dei som møtte: Kjell Sverre Thoresen, Jon Aslak Austjore, Kirsti Sandland, Svein Tørre, Tor Isak Oxum og ref. Torhild F Sisjord

Sak 1/2012      Innkalling og sakliste godkjent med fyljande tillegg.  
Søknad om felling av bjørn i Tokke som sak under Eventuelt.

Sak 2 /2012      Referatsaker:

- Representantskapsmøte i NSG på Kiel ferja  
Det er ynskje om at NSG legg ut referat og sakliste frå representantskapsmøte på sine nettsider.
  - Årsmelding for 2011 lagt fram
  - Økonomien i NSG er bra
  - Faginnlegg Kari Anne K. Wilberg
    - Anbefaling til lokallag om å nytte foreining som organisasjonsform.
    - Beitelig er som oftest organisert som BA. Dette må gjerast noko med. NSG vil sende ut informasjon og "malar" når det har fått sin avklaring.
  - Godtgjersler i NSG
  - Kontingensten er uendra i 2013
  - Årsmøte i fylkeslaga skal haldast innan 1. mars
  - Jordbruksstingane- auka beitetilskot med kr 10 i alle soner
- Svein referera frå møte i regionrådet for saueavl – øst. Litt ny tenking omkring økonomien i dei ulike rasane. Genomtesting på full fart inn i saueavlen?

Sak 3/2012      Konstituering av styret:  
Leiar: Jon Aslak Austjore  
Kasserar: Tor Isak Oxum

Avlsutvalet:  
Leiar Kjell Sverre Thoresen  
Utvalelet er samansett av leiaren i kvar ring.  
Mikkel Vadder (91), Håvard Jønnardalen (96) og  
Kari Tellefsen(97)

Representant til regionrådet for saueavl Øst-  
Kjell Sverre Thoresen med vara Svein Tørre

Beiteutval:  
Leiar Svein Tørre  
Knut Johan Hvistendal  
Olav Blikom – ikkje forspurt. Jon Aslak gjer dette.

Arbeidsoppgåver for beiteutvalet: “Blåse liv i beitelaga” –  
Reorganisere/Vitalisere.  
Auke tilslutninga til organisert beitebruk.

Medlemmane i beiteutvalet får dekt sine kjørekostnader av TSG  
Det er von om at saueprosjektet kan dra god nytte av det arbeidet som  
beiteutvalet får til.

Andre arbeidsoppgåver/arbeidsfelt  
Web- ansvarleg: Svein Tørre  
Dyrskuen og Rovdyr: Kjell Sverre Thoresen  
Saueprosjektet: Jon Aslak Austjore  
Dyrskuen og geitekontakt: Kirsti Sandland  
Kursansvarleg(spes. klyppekurs): Turid Opsund Mæland

Haustsamling: Styret i fellesskap

Sak 4/2012      Evaluering av årsmøte i 2012  
Tor Isak tek kontakt med tidlegare kasserar Ove Kringlegarden ang.  
Rekneskapen og revisjon for 2011.  
Elles vart årsmøte gjennomført på ein god måte. Bra oppmøte av “nye” folk.

Sak 5/2012      Telemark sau og geit sine heimesider skal fortsatt driftast av Svein A Tørre. Alle  
har muligkeit til å sende stoff til Svein for utlegging. Er det mulig å legge inn  
saueprosjektet som eige tema, er det fint. Saueprosjektet vert ei viktig oppgåve og  
ein viktig arena for TSG dei neste åra.

Sak 6/2012      Møteplan for delar av 2011  
Styremøte tysdag 5. juni på Bygdesentralen i Hjartdal  
Styremøte tysdag 28. august  
Styremøte tysdag 23. oktober  
Haustsamling i november  
Julestyremøte torsdag 13. desember

Sak 7/2012      Det er svært viktig at lokallaga fungerar. Det er fundamentet i organisasjonen.  
Fylkeslaget må ha lokallagsinformasjon. Kjell oppdaterar lista over lokallagsleiarar  
  
Grenland sau og geit ynskjer samanslåing med Midt-Telemark sau og geit.  
Forespørsel er sendt.

Sak 8/2012

Eventuelt

- Uttale frå Flatdal sau og geit (forsinka uttale til årsmøte)  
Svein forfattar eit brev til Mattilsynet med bakgrunn i brevet frå Flatdal  
sau og geit
- Invitasjon til møte mellom landbruksorganisasjonane og rovviltnemda i  
region 2  
Det er viktig å møte. Kjell melder på ein deltarar.
- Spørsmål frå Rogaland sau og geit om innslag på Telemarksturen deira  
26 – 29. juli 2012  
Det er sendt over tur og opplevingsalternativ. Dersom det er ynskjeleg  
med en helsingstale under middagen kan Ole Hans Lien være eit godt  
namn.
- Bjørnejakt.  
Kjell har utarbeidd eit notat som omhandlar prosessen. Dette skal sendes  
NSG

